

2017-2018

UTVIKLINGSPLAN Arna vidaregåande skule 2017 - 2018

Kjenneteikn på resultat og kvalitet

1. Læringsutbytte og gjennomføring (karakterutvikling, fråvær og bortval)
2. Elevane sitt læringsarbeid (elevmedverknad, tilpassa opplæring)
3. Læringsmiljø, verdiar og relasjonar (arbeidsro, trivsel, støtteapparat for elevane, samarbeid eksternt)
4. Lærarane sin kompetanse (leiar, vurderingskompetanse, digital kompetanse, samarbeid)
5. Leiing og utvikling (skulevurdering, planlegging, vurdering, administrasjon, personalleiing, oppfølging av lovverk)

Visjon

Saman for trivsel og læring

Pedagogisk plattform

Heile skulemiljøet skal vere prega av kunnskap og læring, trivsel og toleranse, tryggleik og gjensidig respekt. Alle elevar og tilsette skal oppleve at dei er inkludert i skulen sitt sosiale miljø.

Eleven si rolle i læringsarbeidet

Eleven si opplæring skal vere i sentrum for all verksemd ved skulen. Dei skal stimulerast til kritisk tenking og til å ta ansvar og sjå konsekvensar av eigne val.

Elevane skal:

- delta aktivt i og ha medverknad når det gjeld planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa
- vere klar på at læring skjer ved aktiv innsats hos den enkelte
- ta ansvar for eiga læring og samstundes vere aktive deltakarar eit læringsfelleskap

Lærarane si rolle i læringsarbeidet

Læraren skal vere vegleier, tilretteleggjar og inspirator. Dei skal utvikle og formidle kunnskap, haldningar og ferdigheiter.

Lærarane skal:

- tilpasse undervisninga til den enkelte elev og leggje til rette for mestring for alle elevar
- ta i bruk varierte og differensierte arbeidsmåtar

- stimulere elevane til eiga aktivitet og fagleg nysgjerrigheit
- reflektere over eiga pedagogisk praksis
- finne balansen mellom å forstå eleven og stille krav til dei
- bidra til god kommunikasjon med elevar, føresette, kollegaer og leiing for å gjere opplæringa best mogeleg

Skulen si rolle i samfunnet

Skulen skal bu elevane til yrkes- og samfunnsliv og gi eit godt grunnlag for vidare utdanning og læring.

Skulen skal:

- samarbeide med høgskular og universitet med tanke på eleven sine framtidige studiar og yrkesval
- samarbeide med næringslivet for å utvikle eleven sin yrkesfaglege kompetanse
- samarbeide med lokalt og regionalt kultur- og samfunnsliv
- ta omsyn til utviklinga i samfunnet men samstundes skape kritiske og reflekterte individ
- utvikle eleven sin internasjonale forståing gjennom samarbeid med skular og næringsliv i andre land

Prosess

- Leiargruppa legg rammer for diskusjon og samarbeid rundt punkta i utviklingsplanen.
- Leiargruppa utarbeider endeleg dokument. Dokumentet er basert på gruppearbeid i det pedagogiske personalet.
- Planen blir lagt ut på høyring for organisasjonane og elevrådet.
- Årleg revisjon

Overordna målsetting

Frå styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved de vidaregåande skulane, HFK, "Auka læringsutbytte og fullføring"

Utviklingsmål for Arna vgs:

- Læringskultur og læringsarbeid
- Vurdering for læring
- Arna vgs som aktiv samarbeidspartnar i lokalsamfunnet

Utviklingsmål: Læringskultur og læringsarbeid					
Mål	Tiltak	Kvalitative kjenneteikn på måloppnåing	Resultatmål (Kvantitative kjenneteikn på måloppnåing)	Dokumentasjon/ Evaluering	Ansvarlig
Elevmedverknad	Kontaktmøte/formøte mellom avd.leiar-kontaktlærer-elevar. Annakvart møte utan kontaktlærer Møter mellom elevrådet og leiargruppa	Tilbakemelding frå elevar og elevråd	Elevundersøkinga	Halvårleg	Avdelingsleiar Rektor - elevinspektør
Auka gjennomføring	Rutinar for oppfølging av fråvær (flytskjema) Nærværsteam og «drømmeskolen» ved ST/MK «Innanfor skulen» ved alle programområde	Tilbakemelding frå elevar og elevråd	“Hjerte og hjerne “ undersøkinga -Redusert fråvær -Færre IV-kar. -Færre sluttarar -Høgare karaktersnitt	Årleg Tilstandsrapport Resultat frå forskarane i prosjektet, 2019	Avdelingsleiar Elevinspektør
Redusere behov for spes. undervisning	Tett oppfølging av elevar i periodar (IKO), fagverkstad IKO: identifisering, kartlegging, oppfølging	Tilbakemelding frå faglærer	Karakterutvikling Færre elevar søker spesialundervisning	Løypande og halvårleg	Avdelingsleiar
Arbeidsro	Elevar og lærarar skal saman utarbeide reglar for eit godt arbeids- og læringsmiljø. Lærer implementerer krav og forventningar skulen har til klassemiljø og læringsinnsats (læringsorientert kultur). «Drømmeskolen» sitt opplegg med «drømmeklassen».	Kontaktmøter - klasselærarmøter	Elevundersøkinga	Klasselærarmøte og halvårleg	Avdelingsleiar - lærarar elevinspektør
Gode relasjonar mellom lærarar og elevar	-startsamtar -elevsamtar -felles turar ved oppstart -elevane forstyrrar ikkje kvarandre si læring, men hjelper og støtter kvarandre	Kontaktmøter - klasselærarmøter	Elevundersøkinga	Kontaktmøter - klasselærarmøter	Kontaktlærer faglærer og leiargruppa

Auka læringsutbytte for elevane og Auka lærelyst/interesse/motivasjon	- Tverrfaglige prosjekt (FYR) - Praksisnære prosjekt - samarbeid med verksemder (YFF) - Opplæringa er variert og tilpassa mangfaldet i elevgruppa	Kontaktmøter - klasselæarmøter Informasjon som kjem til uttrykk i elevsamtalar	Karakterutviklinga Elevundersøkinga	Årleg Elevundersøkinga Karakterstatistikk	Avdelingsleiar Faglærer
---	---	--	--	---	----------------------------

Utviklingsmål: Vurdering for læring					
Mål	Tiltak	Kvalitative kjenneteikn på måloppnåing	Resultatmål (Kvantitative kjenneteikn på måloppnåing)	Dokumentasjon/Evaluering	Ansvarlig
Eigenvurdering	Alle lærarar legg til rette for eigenvurdering i timane og etter formelle vurderingssituasjonar	Elevane si eigenvurdering Lærarane si tilbakemelding Utviklingssamtalar	Karakterutvikling	Tilstandsrapport Elevundersøkinga	Faglærer
Framovermeldingar Undervegsvurdering	Læraren trekk fram det eleven lukkast med ,men gir også melding om kva dei bør gjere for å bli betre i faga	-Utviklingssamtaler	Elevundersøkinga Karakterutvikling	Faglæraren noterer tidspunkt for desse samtalanane	Faglærer
Vurderingskriterier	Elevane forstår kva dei skal lære og det må være ein god dialog mellom lærar og elev om vurderingskriteria	Elevsamtalar Kontaktmøter/formøte	Elevundersøkinga Karakterutvikling	Elevundersøkinga Årleg	Faglærer
Læringsfremjande vurderingsformer i samarbeid mellom lærar og elev	Variasjon av vurderingsformer i alle fag Eleven si erfaring, kompetanse og potensial blir teken i bruk og utfordra i klasserommet, og det skal vere mogeleg for dei å lukkas	Kontaktmøter - Klasselæarmøter	Elevundersøkinga Karakterutvikling	Elevundersøkinga Årleg	Faglærer
Felles vurderingspraksis	Samarbeid og utveksling av tekstar - elevarbeid - prøver mellom lærarar og med andre skular	Kontaktmøter - klasselæarmøter	Elevundersøkinga Karakterutvikling	Årleg	Avdelingsleiar Faglærer

Utviklingsmål: Arna vgs som aktiv samarbeidspartner i lokalsamfunnet					
Mål	Tiltak	Kvalitative kjenneteikn på måloppnåing	Resultatmål (Kvantitative kjenneteikn på måloppnåing)	Dokumentasjon/Evaluering	Ansvarlig
Utvikle eleven sin kunnskap om internasjonale tilhøve	Lokal Operasjon Dagsverk i samarbeid med Osterøy vgs - knytte prosjektet opp mot eiga læringsarbeid	Elev-engasjement på OD og liknande arrangement Kontakt møter	Tal på deltakarar resultat frå evaluering av arrangementa Tal på arrangement	Årleg	Leiargruppa
Auka rekrutteringa av lokal ungdom	Toppidrett E-sport/LAN party Marknadsføring og samarbeid med grunnskular Nærværsteam	Interesse for og engasjement på rekrutteringsportalar	Søkjartal	Årleg Tilstandsrapport	Leiargruppa
Førebu elevane til yrkes- og samfunnsliv (praksisnært læringsarbeid)	Elevar med YFF: utplassering i verksemder og institusjonar kvar fjerde veke	Mindre fråfall - færre feilval til Vg2 ved yrkesfag Fleire lærekontraktar	Tal på teikna lærekontraktar	Årleg	Avdelingsleiar i samarbeid med faglærar YFF

A Growth Mindset Drives Motivation and Achievement



Blackwell, Trzesniewski & Dweck (2007) *Child Development*